

Jakob Misje

Oljeeventyr eller klimakrise?

Diskursen om petroleumsnæringa i lærebøker i samfunnsfag

Fordjupningsoppgåve i MGLU3511

Rettleiar: Roar Madsen

Mai 2021

Jakob Misje

Oljeeventyr eller klimakrise?

Diskursen om petroleumsnæringa i lærebøker i samfunnsfag

Fordjupningsoppgåve i MGLU3511

Rettleiar: Roar Madsen

Mai 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet



NTNU

Kunnskap for en bedre verden

Samandrag

Denne oppgåva undersøker framstillinga av den norske olje- og gassnæringa i fem lærebøker for ungdomstrinnet i samfunnsfag. Problemstillinga er: kva samfunnsbilde av olje- og gassnæringa i Noreg presenterer eit utval lærebøker frå 2006 og 2020, og i kva grad kan ein plassera disse i forhold til miljødiskursane til John Dryzek? Dette har eg forsøkt å svara på ved å bruka diskursanalyse. Gjennom ei induktiv og deduktiv tilnærming har eg først identifisert samfunnsbilde i lærebøkene, og drøfta dei mot miljødiskursane til John Dryzek.

I analysen finn eg at alle bøkene presenterer både positive og negative sider ved olje- og gassutvinning. Likevel er det forskjell i kva samfunnsbilde av petroleumsverksemda som blir presentert. *Kosmos 10* og *Matriks 8* er bøkene med mest fokus på dei gunstige økonomiske fordelane, mens bøkene etter LK20 i størst grad framhevar dualiteten. I forhold til Dryzek sine idealdiskursar er bøkene hovudsakleg orientert mot det moderate og saksorienterte, men både *Arena 8* og *Samfunnsfag 8* har visjonære trekk. Det vil si at problemløysingsdiskursen pregar totalt sett, mens berekraftdiskursen er meir framtrudande i dei nyaste lærebøkene.

Innhold

Innleiing	2
Eit norsk oljeeventyr?	3
Teori.....	3
Problemløysing:	5
Grenser for vekst:.....	5
Berekraft:.....	6
Grøn radikalisme:	6
Metode	7
Analyse og drøfting	8
Dei ulike lærebøkene:	9
Samfunnsbilde i lærebøkene	9
Kosmos 8	9
Kosmos 10	10
Matriks 8: Samfunn og Geografi.....	11
Samfunnsfag 8	12
Arena 8	13
Korleis plasserer samfunnsbilda seg i forhold til John Dryzeks diskursar?	14
Konklusjon	18
Litteratur.....	19

Innleiing

Eg skal i denne oppgåva undersøka lærebøker for ungdomstrinnet i samfunnsfag, og det overordna tema for oppgåva er berekraftig utvikling. Me støyttar stadig på problemstillingar knyta til berekraftig utvikling, og elevar i skolen vil òg gjera det i framtida. Eit viktig område i den norske debatten om berekraftig utvikling er norsk petroleumsverksemd, og eg har derfor valt å avgrensa oppgåva mi til å handla om olje- og gassnæringa. På den eine sida blir det argumentert for at inntektene frå næringa gitt Noreg stor økonomisk vekst, og er viktig for den økonomiske berekrafta. På den andre sida argumenterer nokon for at næringa med seg store CO₂-utslepp, og er ikkje økologisk berekraftig. Det er derfor interessant å undersøka korleis lærebøkene framstiller denne dualiteten. Problemstillinga mi blir dermed: *Kva samfunnsbilde av olje- og gassnæringa i Noreg presenterer eit utval lærebøker frå 2006 og 2020, og i kva grad kan ein plassera disse i forhold til miljødiskursane til John Dryzek?*

For å undersøka dette gjer eg ein diskursanalyse av eit utval lærebøker for ungdomstrinnet i samfunnsfag. Den delte problemstillinga krev eit samspel mellom induktiv og deduktiv tilnærming. I den induktive tilnærminga tar utgangspunkt i lærebøkene, etter modell av Børhaug og Christophersen si *Autoriserte samfunnsbilder* (2012). I den deduktive tilnærminga er det teoretiske grunnlaget dei fire diskurstypene om miljø som John Dryzek (2013) presenterer i *The Politics of the Earth: problemløysing, grenser for vekst, berekraft og grøn radikalisme*. Disse fungerer som idealtypar seinare i analysedelen.

Eg har med bøker som er skrivne til den utgåande læreplanen frå 2006 (Kunnskapsløftet, frå no av kalla LK06) og bøker som er skrivne til den nye læreplanen frå 2020 (Fagfornyninga, frå no av kalla LK20). Sidan oppgåva ikkje har eit breiare tekstkorpus, skal eg ikkje prøva forklara eventuelle utviklingar. Likevel kjem eg til å drøfta likskapar og ulikskapar mellom bøkene

Eg presenterer først kunnskap om den norske petroleumsnæringa, før eg i teoridelen presenterer det teoretiske rammeverket for oppgåva: miljødiskursane til John Dryzek. Så kjem metoddelen, kor eg nærmare forklarar korleis eg har gått fram for å svara på problemstillinga. Vidare, i analyse- og drøftedelen, skildrar eg først datamaterialet til oppgåva og peiker på samfunnsbilde i bøkene. Eg kjem så til å drøfte dette opp mot idealdiskursane til Dryzek. Til slutt konkluderer eg og summerer mine funn.

Eit norsk oljeeventyr?

I framstillinga av norsk olje- og gassindustri kan ein møta på ulike syn. På den eine sida er olje og gass-industrien i dag ein av Noregs største industriar, både målt i talet på tilsette og eksportverdi. I følge Norsk olje & gass er næringa arbeidsgivar til over 200 000 tilsette, bidreg med 10% av staten sine inntekter og står for 47% av Noregs eksport (Norsk olje & gass, 2021). Naturvernforbundet derimot, framhevar at forbrenninga av olje og gass som kjem frå norsk sokkel årleg fører til utslepp på kring 500 millionar tonn CO₂, som er 10 gongar så mykje som dei nasjonale utsleppa (Naturvernforbundet, 2019).

Det er likevel semje om at funnet av oljeresursar på norsk sokkel i 1969 har hatt stor innverknad: «oljevirkingsomheten har ført til grunnleggende endringer i økonomi, levekår og arbeidsliv i Norge» (Lie, 2020). Det første feltet i Nordsjøen, Ekofisk, markerte starten på stadig fleire oljefunn. Men det var ikkje berre nye funn som førte til auka inntekter for Noreg. På 70-talet steig prisen for olje, mellom anna på grunn av oljekrisa i 1974 og oljeprishoppet i 1979/1980. I 1990 vedtok Stortinget å oppretta Oljefondet for å spara til framtidige generasjonar, og ut over 2000-talet har Noreg hatt store inntekter frå fondet. Noko av dette er blitt brukt fortløpande, mens noko er spart (Lie, 2020). Noreg har derfor hatt ei langt større finansiell fridom enn andre europeiske statar (Smith-Solbakken, 2020). Dette har mellom anna hjulpet gjennom finans- og koronakrisa. Samstundes har ein veksande norsk oljeindustri stått for aukande utslepp av klimagassen CO₂. Stadig nye funn er ein av hovudgrunnane til at Noreg på midten av 1990-talet la frå seg målet om å stabilisera CO₂-utsleppa på 1989-nivå. Og parallelt med opningar av stadig nye oljefelt, utvikla miljørørsla seg frå klassisk naturvern til å snakka om miljø og økologi. I dag er olje- og gassproduksjon eit hovudproblem i miljøpolitikken i Noreg (Benum, 2020), og det er lite som tyder på at det ikkje kjem til å vera det i framtida.

Teori

Ein del av problemstillinga er å vurdere samfunnsbilda i lærebøkene i forhold til Dryzek sine miljødiskursar. Dette gjer eg gjennom å bruka teoriane hans frå boka *The Politics of the Earth* (2013). John Dryzek er ein sentral teoretikar innan diskursanalysar som omhandlar miljø og utvikling (Benjaminssen og Svarstad, 2019, s. 70).

Dryzek (2013, s. 9) definerer ein diskurs som «a shared way of apprehending the world». Han forklarar vidare at diskursen er ein del av språket, som hjelper aktørane med å tolka informasjon og setta bitane saman til ein samanhengande historie. Diskursane bidrar altså til å forenkla verkelegheita, slik at det blir enklare å tolka ho. Ulike diskursar kan derfor fortelja om korleis me forstår konsept som til dømes miljø- og klimaendringar, som igjen blir utgangspunktet for våre handlingar. I sitt arbeid med miljødiskursar, har Dryzek identifisert og klassifisert fire hovuddiskursar. Han meiner at miljødiskursar tar utgangspunkt i industrisamfunnet, og at diskursane følgeleg må bli sett i kontekst av industridiskursen. Industrialismen er, som Dryzek påpeiker, kjenneteikna med ein kvantitativ vekst av godar og tenester og det materielle velværet som veksten gir. Miljødiskursane tar for seg korleis ein beveger seg bort frå industridiskursen (Dryzek, 2013, s. 14).

Dei fire miljødiskursane er delt inn i to dimensjonar. Bevegelsen bort frå industridiskursen vera enten radikal eller reformerande/moderat, og denne distinksjonen gir den første dimensjonen (Dryzek, 2013, s. 14). Ein radikal rørsle fokuserer på endring i makt og økonomi, bort frå kontinuerleg vekst. Den reformerande diskursen fokuserer derimot berre på mindre endringar over tid. Den andre dimensjonen slår fast at bevegelsen frå industridiskursen kan vera prosaisk/saksorientert eller visjonær. Den prosaiske diskursen aksepterer tilstanden i dag og krev handling for å betra situasjonen, men peiker ikkje mot eit nytt samfunn. Den visjonære diskursen ser i større grad på miljøutfordringane som ei moglegheit for å skapa harmoni mellom økologi og økonomi (Dryzek, 2013, s. 14-15). Dryzek (2013, s. 14-15) bruker eit sjakkbrett som bilde på forskjellen mellom den prosaiske og visjonære diskursen. I den prosaiske diskursen vil ein møte eit trekk (eller eit problem) med eit anna trekk (altså ei løysing) innanfor sjakkens reglar. Den visjonære diskursen vil derimot redefinera heile sjakkbrettet. Når ein set saman dei to dimensjonane – reformist versus radikal og prosaisk versus visjonær – kjem fire miljødiskursar fram (sjå figur 1)

BOX 1.1 Classifying environmental discourses		
	Reformist	Radical
Prosaic	Problem solving	Limits and survival
Imaginative	Sustainability	Green radicalism

Figur 1: *Dei fire miljødiskursane* (Dryzek, 2013, s. 16)

Problemløysing:

Problemløysing er definert «by taking the political-economic status quo as given but in need of adjustment to cope with environmental problems» (Dryzek, 2013, s. 15). Disse justeringane deler Dryzek (2013, s. 15) vidare inn i tre underdiskursar: administrativ rasjonalisme (overlat avgjerdene til ekspertane), demokratisk pragmatisme (overlat avgjerdene til folket) og økonomisk rasjonalisme (overlat avgjerdene til marknaden). Den administrative rasjonalismen framhevar eksperten framfor borgaren (Dryzek, 2013, s. 75). Dette er i motsetnad til den demokratiske pragmatisme-diskursen, kor ein vil løysa miljøproblema innan det liberale, kapitalistiske demokratiet. Ein skal inkludera folket, for å få ulike synspunkt på komplekse klimasaker og ha ei demokratisk avgjerdsprosess (Dryzek, 2013, s. 99-100). Den siste underdiskursen er kjenneteikna med trua på ein kan ordna miljøproblema gjennom marknadsmekanismar, som CO₂-skatt eller kvotesystem (Dryzek, 2013, s. 122). Den første diskursen kan ein med andre ord kritisera for å vera udemokratisk, mens ein til dømes ser i Brasil at demokratisk pragmatisme ikkje alltid fører til det beste for miljøet. Det kan altså vera ulike syn på kven av disse løysingane som er mest passande til ulike problem.

Grenser for vekst:

Den grunnleggande ideen i denne diskursen er verda ikkje toler ein stadig ukontrollert økonomisk vekst og auke i befolkninga (Dryzek, 2013, s. 15). Jorda har ei viss mengde ressursar, til dømes olje, mineral og areal, og det er grenser for kor mykje menneske kan utvinna av ho. Etter kvart vil utvinninga vera øydeleggande for ulike økosystem. Grenser for vekst-diskursen er radikal fordi han søker ei omvelting av maktforhold i den industrielle økonomien, og fordi han ønsker seg bort frå målet om evig økonomisk vekst. Samstundes er diskursen prosaisk, fordi han ser løysingar

innanfor det etablerte systemet, som særleg større kontroll over administrasjon og forskarar (Dryzek, 2013, s. 16). Sjølv om aktørar i diskursen anerkjenner at menneske har ei god evne til å tilpassa seg rådande forhold, peiker aktørane på at dette ikkje alltid er tilfellet (Dryzek, 2013, s. 27). Grenser for vekst-diskursen blir ofte kritisert for å vera for dommedagsprofeterande. Ytterpunktet i denne kritikken er dei som er ueinige i at finst ei øvre grense for menneskeleg vekst. Dei er ein del av Prometheus-diskursen, som meiner at mennesket og teknologien alltid vil evna å løysa eit kvart problem. Går me tom for eit mineral, vil me finna nye substituttar (Dryzek, 2013, s. 52).

Berekraft:

Sjølv om omgrepa har lenger røter, blei berekraft og berekraftig utvikling for alvor kjend gjennom Brundtlandkommisjonenens rapport frå 1987, *Vår Felles Framtid* (Benjaminsen og Svarstad, 2019, s. 45; Dryzek, 2013, s. 148). Rapporten definerer berekraftig utvikling som ei utvikling som skal «sikre behovene i dag uten å gå på akkord kommmende generasjoner muligheter til å dekke sine behov» (Verdenskommisjonen for miljø og utvikling, 1987, s. 18), og blir ofte delt inn i tre delar: økonomisk, økologisk og sosial berekraft (Dryzek, 2013, s. 148). Ifølge Dryzek (2013, s. 16) er berekraftdiskursen definert ved visjonære forsøk på å oppløyse konflikten mellom økologiske og økonomiske verdiar. Gjennom å skapa eit samspel mellom natur og vekst, er tanken å sikra økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Diskursen fokuserer ikkje på dommedagsprofeti-retorikk og foreslår ei heller drastiske endringar, og er derfor moderat (Dryzek, 2013, s. 16). Sidan Brundtlandkommisjonen har berekraft blitt populært over heile verda, men det er framleis ingen brei semje om korleis ein kan sikra både økonomisk, miljømessig og sosial berekraft (Dryzek, 2013, s. 145).

Grøn radikalisme:

Grøn radikalisme-diskursen er både radikal og visjonær. Han avviser den grunnleggande strukturen i det industrielle samfunnet, søker endring i forholdet mellom menneske og natur (Dryzek, 2013, s. 16). Grøn radikalisme blir delt inn i to kategoriar: ein som fokuserer på endring i bevisstheita til menneske, og ein som fokuserer på grøn politikk (Dryzek, 2013, s. 185). Endring bevisstheita til menneske er mellom anna Arne Næss sin økosofi eit døme på. Økosofien fremmar eit ikkje-antroposentrisk syn på mennesket sin plass i naturen (Sagdahl, 2019). Grøn radikalisme finn ein òg i det politiske systemet, med framveksten av grønne parti (Dryzek, 2013, s. 207). Disse partia ønsker både eit skifte i medvitnet til individet, og å kunna påverka politikken på eit nasjonalt

og globalt nivå. I Noreg høyrer Miljøpartiet dei grønne (MDG) til i denne partigruppa, og mellom anna har nestleiar Arild Hermstad skrive at «vi må skape en ny økonomi hvor det å ta vare på natur og klima er viktigere enn vekstbehovet» (Hermstad, 2013). Her søker han altså å teikna om det økonomisk-politiske sjakkbrettet på ein radikal måte.

Metode

I dette kapittelet skal eg gjera reie for diskursanalyse, og korleis eg nyttar metoden i analysen. Problemstillinga mi er «Kva samfunnsbilde av olje- og gassnæringa i Noreg presenterer eit utval lærebøker frå 2006 og 2020, og i kva grad kan ein plassera disse i forhold til miljødiskursane til John Dryzek?», og for å undersøka dette skal eg altså gjera ein diskursanalyse.

Ein diskurs er av Bergström og Boréus definert som «en samling utsagn i en bestemt sosial kontekst – samt skrevne og uskrevne regler for hva som kan og ikke kan sies i konteksten» (i Bratberg, 2018, s. 34). Det vil seia at omgrepet både viser det konkrete som blir sagt, og rammene for kva som er rimeleg å meina og tru innan eit gitt fellesskap (Bratberg, 2018, s. 34). Dette fellesskapet er også sentralt i Dryzek sin definisjon av diskurs, som eg har vist tidlegare: ein diskurs er ein felles måte å gripa om verda på (Dryzek, 2013, s. 9). Det kognitive og normative fellesskapet kjem til uttrykk gjennom språk, og i denne oppgåva er det gjennom lærebøkene diskursane viser seg. Diskursen er altså viktig for å avdekka meining, men òg dersom ein er opptatt av åtferd og handling. Det er fordi «mening ligger til grunn for handling» (Bratberg, 2018, s. 35). Med andre ord både avgrensar og mogleggjer vår verkelegheitsforståing handlingar.

I analysen vil det vera eit samspel mellom ei induktiv og ei deduktiv tilnærming. Den induktive tilnærminga tar utgangspunkt i sjølve teksten, kor eg prøver å finna dei viktigaste og mest sentrale omgrepa teksten dreier seg om. Den deduktive tilnærminga tar utgangspunkt i faglege perspektiv og teoriar (Børhaug og Christophersen, 2012, s. 28). I denne oppgåva vil det seia dei fire miljødiskursane eg presenterte i teoridelen.

Børhaug og Christophersen har i boka *Autoriserte samfunnsbilder* (2012) gjort fleire diskursanalysar. I den kvalitative delen av analysane, undersøker dei kva ord og uttrykk som er sentrale innan eit tema i lærebøkene. Dei identifiserer *nodalpunkt* eller, som dei kallar det, *overordna omgrep*. Dette er omgrep som diskursar er sentrerte rundt. Vidare slår dei fast at

diskursar er bygd opp av *moment*, som vil seia ord eller omgrep som det er knytt meiningsinnhald til (Børhaug og Christophersen, 2012, s. 27). I boka bruker dei omgrepet *samfunnsbilde* som eit tilnærma synonym til diskurs (Børhaug og Christophersen, 2012, s. 28). For å unngå forvirring med Dryzek sine miljødiskursar, vil eg òg bruka omgrepet samfunnsbilde om framstillinga av norsk olje- og gassverksemd. Eg leiter altså etter kva bilde lærebøkene gir av den norske olje- og gassnæringa.

Vidare vil diskursanalyse vera nett ein analyse av diskursar. Det finst inga standardoppskrift for korleis ein gjer ein diskursanalyse, men Bratberg (2018, s. 54) gir nokre konkrete råd. Først bør helst utvalet vera eit korpus med tekstar frå ulike forfattarar og aktørar. Eg har derfor med fem læreverk, som er skrivne til ulike læreplanar av ulike forfattarar. Likevel set oppgåva sitt omfang ei avgrensing, som gjer at eg ikkje kan inkludera andre typar tekstar frå same periode. Bratberg (2018, s. 54) tilrår òg å arbeida tekstnært, og kartlegga både semantiske og grammatiske element. I følge Benjaminssen og Svarstad (2019, s. 68) går diskursanalyse ut på å undersøka utsegn for å identifisera og skildra diskursar. I denne oppgåva er miljødiskursane allereie skildra av Dryzek i teorikapitlet, og eg skal derfor drøfta korleis samfunnsbilda eg finn plasserer seg i forhold til Dryzek sine.

Innan vitenskapsteori er pålitelegheit, gyldigheit og generaliserbarheit sentrale omgrep for å vurdere sine analysar (Tjora, 2018, s. 231). Eg skal kort gjera greie for disse tre omgrepa. Pålitelegheit handlar om intern logikk i forskinga og forskaren sin posisjon til temaet (Tjora, 2018, s. 231). Lesaren skal kunna lita på det som blir presentert. Vidare inneber gyldigheit at det er ein logisk samheng mellom forskinga si utforming og funn. Generaliserbarheit dreier seg om forskinga si relevans utanfor dei objekt som er forska på (Tjora, 2018, s. 231). Kan eg til dømes overføra mine funn i lærebøkene til andre læreverk? Disse omgrepa kjem eg til å reflektera kring seinare i drøftingsdelen.

Analyse og drøfting

I analysen kjem eg først til å gi ein kort oversikt over det empiriske nedslagsfeltet. Eg skal så skildra og analysere kva som står om norsk olje- og gassindustri. I denne analysen vil eg knyta Børhaug og Christophersen sitt omgrep *samfunnsbilde* til mine funn. Kva bilde av næringa kjem

fram? Vidare vil eg samanlikna samfunnsbilde til bøkene, og vurderer korleis dei passer i forhold til John Dryzek sine miljødiskursar.

Dei ulike lærebøkene:

Eg har valt ut fem ulike lærebøker, som er skrivne til både LK06 og LK20. Utanom *Kosmos 10*, er lærebøkene for 8. trinn. Det er fordi at då eg starta på oppgåva, var det berre lærebøker for 8. trinn som var komne etter den nye læreplanen. Bøkene er skrivne for ulike forlag og av ulike forfattarar. Lærebøkene frå Matriks er delt i 3 ulike bøker, som til saman utgjør eitt læremiddel. Derfor kan eg seia at eg har med tre verk som er skrivne til LK06, og to verk som er skrivne til LK20.

- *Kosmos 8* (2006) av John Harald Nomedal. Fagbokforlaget
- *Kosmos 10* (2006) av John Harald Nomedal og Ståle Bråthen. Fagbokforlaget.
- *Matriks 8: Samfunn* (2006) av Gry Andersen, Trude Olsen, Hege Nicholaysen og Mari Skurdal. Aschehoug og *Matriks 8: Geografi* (2006) av Ole G. Karlsen og Torgeir Holgersen. Aschehoug
- *Samfunnsfag 8* (2020) av Liv Bredal, Erik Dehle, Svein Hammer, Robert Hansen, Sølve Karlsen, Vilde Krogsrud, Abderrahim Mokhtari, Ella Mæhlumshagen, Marie Samuelsen og Bår Stenvik. Cappelen Damm
- *Arena 8* (2020) av Synnøve Veian Hellerud, Silje Førland Erdal, Ida Molstad Johnsen, Martin Westersjø og Olav Hove. Aschehoug.

Samfunnsbilde i lærebøkene

Kosmos 8

I *Kosmos 8* er dei tre delane av samfunnsfaget, geografi, historie og samfunnskunnskap, samla i ei bok og utgjør inndelinga av boka. Viss eleven jobbar seg gjennom boka kronologisk, vil det første indirekte møtet med olje- og gassproblematikken komma på s. 47. Der står det at isbrear smeltar raskare enn vanleg, og at mange forskarar «tror en en forsterket drivhuseffekt er årsak til det» (Nomedal, 2006, s. 47). Så viser boka framover til kapittel 12, kor elevane skal lesa meir om dette.

Kapittel 12 heiter «Natur og samfunn på kollisjonskurs», og tar for seg forureining, drivhuseffekt og temperaturauke (Nomedal, 2006, s. 76-83). Framleis er tonen forsiktig i påpeikingane av

forholdet mellom auka CO₂-forbruk og klimaendringar: «forskere tror klima er i ferd med å endre seg» (s. 77) og «nå ser det ut til at mennesket selv er i ferd med å endre klimaet» (s. 78). Det blir slått fast at me forureinar når me bruker olje og gass, men koplinga er ikkje direkte til den norske utvinninga. Utanom det er ikkje olje- og gassverksemda nemnd. Det vil seia at dei positive økonomiske sidene ikkje er til stades i læreboka. Under forklaringa av den norske velferdsstaten er «skatter og avgifter den [staten] krever av folk» grunnen til at staten har råd (Nomedal, 2006, s. 262). Her unngår altså forfattarane å nemna innverkinga oljenæringa og oljefondet har for den norske økonomien.

Kosmos 8 er den boka kor olje- og gassverksemd er nemnd minst. Det er derfor ikkje råd å seia så mykje om kva samfunnsbilde av næringa boka presenterer. Det kan ha samanheng med at forfattarane heller skriv om tema i boka for 10. klasse:

Kosmos 10

I læreboka *Kosmos 10* er «1965-1980 – Velferdsstat og oljeeventyr» eit delkapittel i kapittel 6. Der står det om då Noreg fann olje i Nordsjøen i 1969. Boka påpeiker dei store inntektene Noreg har fått av olja, og at norsk næringsliv blei spesialistar på oljeutvinning til havs. Vidare koplar læreboka oljerikdomen til velferdsstaten, og set spørsmålsteikn om velferdsstaten vil overleva når olja tar slutt (Nomedal og Bråthen, 2008, s. 206). Også vidare i kapitelet blir velferda kopla til oljeinntektene, gjennom eksempelvis «vi finansierte nye reformer ved hjelp av oljeinntekter» (Nomedal og Bråthen, 2008, s. 208), «i mange land ble velferdsordningane begrenset. Spørsmålet var om oljelandet Norge også skulle gjøre det» (Nomedal og Bråthen, 2008, s. 216).

Samtidig blir òg negative sider av norsk oljeutvinning kasta lys på. Utbygging av oljeindustri blir skildra som «risikofullt». Ulykka på Alexander Kielland-plattformen, kor 123 arbeidrarar mista livet, er nemnd, og det kjem fram at mange dykkarar frå pionertida har slite med seinskadar (Nomedal og Bråthen, 2008, s. 206). Det står i tillegg om miljøørsla som voks fram på 70-talet, og at det store forbruket av fossilt brennstoff – olje, gass og kull – førte til auka temperaturar (Nomedal og Bråthen, 2008, s. 209). Men her er ikkje den norske næringa direkte problematisert.

Samfunnsbilde som blir presentert av den norske gass- og oljenæringa i *Kosmos 10* er tydeleg allereie i overskrifta. At Noreg fann petroleum blir presentert som eit eventyr, og «oljeeventyr» blir sentralt moment i teksten. Den økonomiske veksten til Noreg, inkludert våre velferdstilbod, blir sterkt knyta opp til oljefunna. Dette er eit poeng ein kan problematisera og nyansera, sidan

dei største velferdstilboda var til stades før inntektene frå olje- og gassnæringa kom utover 70-talet (Lie, 2020). Når det kjem til problematiske sider ved næringa, er det Kielland-ulykka som får størst plass. At me kan redusera utvinninga for å redusera CO₂-utslepp, er ikkje ei moglegheit som blir presentert. Slikt sett er det den økonomiske sida ved olje- og gassnæringa som blir sterkast vektlagt.

Matriks 8: Samfunn og Geografi

Eit kapittel i boka *Samfunn* er om forbruk. Det fokuserer hovudsakleg på personleg forbruk, men tar òg opp konflikten mellom forbruk og klima- og miljøutfordringar. På side 109 (Andersen mfl., 2006) les me at temperaturen har steget dei siste tiåra, og at årsaka til dette «høyst sannsynlig» er at me menneske «bruker bilen meir, kjører meir fly (...) som fører til utslipp av såkalte klimagassar». Olje- og gassforbruk er ikkje direkte nemnd, men koplinga er til stades gjennom bensinforbruket til bil og fly. Som eit løysingsforlag på forbrukarproblemet blir gjenvinning og gjenbruk trekt fram, utan at reduksjon av olje og gass er nemnd som ei moglegheit. Elles blir ikkje olje- og gassverksemd nemnd i andre tema.

I geografiboka skal elevane bli betre kjente med berggrunnen på jorda. Under overskrifta «verdifulle bergarter» (Karlsen og Holgersen, 2006, s. 61) kan ein lesa at bergartar kan innehalda olje og gass. Seinare blir det utdjupa korleis olje og gass blir til frå høvesvis døde plante- og dyrerestar og restar frå sumpskogar, og at ein finn mykje olje og gass på norsk kontinentalsokkel. Avsnittet blir avslutta med setninga «Salg av olje og gass vil gi oss store inntekter langt inn mot neste århundre, dersom vi ikkje tar i bruk nye energikilder» (Karlsen og Holgersen, 2006, s. 69). Boka legg altså vekt på dei økonomiske fordelane med olje- og gassutvinning og gir dermed lite rom for klima- og miljøproblematikk. Tvert om verkar avsnittet om økonomiske fordelar med olje og gass som ei åtvaring mot det grønne skiftet. I tillegg er det ein tekstboks på side 68 som, på ein eventyraktig måte, fortel om «Ekofisk: det første norske oljefeltet» (Karlsen og Holgersen, 2006). Det blir det fortalt at oljeselskapa heldt på å gi opp leitinga, før det «plutselig strømmet olje og gass opp av borehullet». Noreg var med funnet av Ekofisk blitt ein oljenasjon, som eksporterte olje, noko ingen hadde drøymt om.

Vidare i boka blir auka i klimagassar nemnd som årsaksforklaring til naturlandskapsendingane boka presenterer. Om isbrear står det at «de fleste forskerne er i dag enige om at våre utslipp av drivhusgasser er med på å gjøre jorda varmere», og at den globale oppvarminga kan føra til store

endringar i naturen (Karlsen og Holgersen, 2006, s. 90). Om flaum kjem det fram at det kan sjå ut som om flaumar kjem hyppigare enn før, og spørsmålet om menneske har noko med det å gjera blir stilt: «Mer uvær og kraftig regn er kanskje følgene av et varmere klima. Er det vi selv som er skyld i det? Mange tror det» (Karlsen og Holgersen, 2006, s. 131).

Med andre ord blir den økonomisk-gunstige framstillinga av olje- og gassnæringa noko nyansert seinare i boka. Likevel er koplingane mellom olje- og gassutvinning og klimagassutslepp aldri direkte til stades. Dette betyr at elevane, eventuelt i samspel med lærar, må gjera koplinga sjølv. Der olje er direkte skildra, er det berre dei økonomiske fordelane som kjem fram, til dømes gjennom eventyret om Ekofisk. Derfor blir òg samfunnsbildet av olja som boka presenterer i mindre grad open for problemstillingar.

Samfunnsfag 8

Samfunnsfag 8 er ei bok som er skriva etter LK20, og som integrerer dei tradisjonelle delane av faget. I boka blir olje og gass først nemnd under overskrifta «Norges inntektskilder». Der kjem olje og gass fram som ei viktig inntektskjelde, boka påpeiker at inntektene blir satt i Oljefondet (Bredal mfl., 2020, s. 105). Dette blir gjentatt, men òg problematisert, seinare i kapittelet under overskrifta «Noen utfordringer framover». Olje- og gassressursar blir understreka som ikkje-fornybare. På grunn av det er det viktig med nye teknologiar, og at alle bidrar for å løysa klimakrisa me står overfor, slik at verda kan redusera den globale oppvarminga (Bredal mfl., 2020, s. 109). Det problematiske er likevel at me kjem til å gå tom for petroleum, ikkje nødvendigvis at norsk olje- og gass fører til auka CO₂-utslepp.

Boka har eit eige økonomikapittel. Der blir det slått fast at solenergi er «mye sunnere for naturen enn fossilt brensel» (Bredal mfl., 2020, s. 202). Videre kjem det fram at økonomiske interessert ofte kan vera i konflikt med naturen sine, og at mange føretrekk *føre-var-prinsippet* i slike tilfelle (Bredal mfl., 2020, s. 202). Under samfunnsøkonomi-delen av kapittelet, blir inntektene frå olje- og gassnæringa framheva. Det blir slått fast at «Norge har hatt enorme inntekter i årevis frå olje- og gassproduksjon» og at oljefondet nå inneheld meir enn «svimlende 10 000 milliarder kroner» (Bredal mfl., 2020, s. 210). På neste side er det eit stort bilde av ein oljeplattform, med bildeteksten: «Hvordan hadde Norges økonomi vært utan de svimlende inntektene frå oljen under havet?» (Bredal mfl., 2020, s. 211).

Neste kapittel er om berekraft. Der er berekraftas tre bestanddelar presentert: sosial, økonomisk og økologisk berekraft (Bredal mfl., 2020, s. 220). Under den økologiske delen, blir det slått fast at me er avhengige av «samspill med naturen og miljøet» (Bredal mfl., 2020, s. 220). Olje- og gassutslepp blir likevel ikkje presentert som ei utfordring før på s. 236: «Vårt økte forbruk av kull, olje og gass har ikke bare skapt stor økonomisk vekst, men også gitt enorme CO₂-utslipp» (Bredal mfl., 2020). Vidare skriv forfattarane at dette igjen fører til temperaturauke og påverknad på naturmangfaldet. Dei påpeiker at klimaendringane krev at me slepp ut mindre CO₂, og at den enklaste vegen dit er å redusera bruken av kull, olje og gass. Då er det meir populært å skapa energi på meir miljøvennlege måtar, enn å redusera straumforbruket (Bredal mfl., 2020, s. 237). Heilt i slutten av kapittelet spør boka «Hva kan vi gjøre for miljøet?». Der blir fleire tiltak på individnivå nemnd, men òg at «miljøforkjempere har oppfordret industrien innen olje (...) til å gjøre produksjonen mer miljøvennlig» (Bredal mfl., 2020, s. 243).

I *Samfunnsfag 8* kjem dualiteten til den norske petroleumsnæringa tydeleg fram, altså at næringa fører med seg både store inntekter og klimautfordringar. Gjennom presentasjon av ulike dilemma, som når det er skriva om *føre-var-prinsippet*, blir framstillinga av den norske olje- og gassverksemda meir open. Det vil seia at det blir «opna for ulike fortolkingar av korleis samfunnstilhøve eigentleg er å forstå og kva som er årsakene til ulike fenomen (...)» (Børhaug og Christoffersen, 2012, s. 17). Gjennom å gjera greie for ulike måtar å forstå den norske olje- og gassnæringa, blir det lagt opp til kritisk vurdering frå eleven. Likevel er det klart at dei positive sidene ved næringa er meir eksplisitt formulert. Sterke adjektiv som *svimlande* og *enorm* er brukt for å beskriva inntektene. Når det står om klimautfordringane, er ikkje adjektiva like sterke. Ei heller er den norske olje- og gassnæringa direkte nemnd som bidragsytar, men heller som ein del av ein stor industri.

Arena 8

I *Arena 8* er òg ei bok som integrerer dei tradisjonelle samfunnsdelane, og som heller deler boka inn i «individ og samfunn», «demokrati og deltakelse» og «en berekraftig verden». I del ein finn me underoverskrifta «et samfunn trenger mennesker som gjør bærekraftige valg» (Hellerud mfl., 2020, s. 36). Der blir det foreslått ei rekke individuelle tiltak menneske kan gjera, men òg at me kan engasjera oss for å påverka myndigheitene til å ta berekraftige val. Vidare er det skriva om korleis velferdssamfunnet blei til på 1900-talet. Der står det at «oljefunnet i Nordsjøen i 1969 ble

starten på en vekst i økonomien som gjorde det mulig å gjøre velferdstilbudene enda bedre» (Hellerud mfl., 2020, s. 75).

Seinare, i del 3, er berekraftig utvikling sentralt. Der står det at det er viktig med ei omstilling for at me skal kunna leva det gode liv utan å øydelegga miljøet på jorda. Boka skisserer så forskjellen mellom optimistane, som peiker på ny teknologi som løysinga, og pessimistane, som går inn for ein kraftig forbruksreduksjon. Vidare viser boka til at berekraftig utvikling fører til vanskelege prioriteringar, og nyttar den norske olja som døme. Boka påpeiker at olje- og gassutvinning har negative konsekvensar for miljø og klima, men at mange argumenterer for å fortsetta med olje- og gassutvikling grunna omsynet til norsk økonomi (Hellerud mfl., 2020, s. 212). I tillegg er det eit underkapittel som dreier seg om kva politikarane kan gjera for ei berekraftig utvikling, og valet mellom å satsa fornybart eller fossilt kjem fram (Hellerud mfl., 2020, s. 218). Det norske oljenæringa blir ikkje direkte nemnd her. Men seinare i del tre blir dualiteten ved norsk petroleumsverksemd igjen presentert: «Olje og gass har vært viktig for norsk økonomi, men uttaket av disse ressursene får konsekvenser for klimaet» (Hellerud mfl., 2020, s. 237). Det kjem òg fram at politikarar ofte står i ressurskonflikt, kor dei viser til olja under Lofoten, Vesterålen og Senja som ved eventuell utvinning ville vore i konflikt med fiskeressursar.

[Korleis plasserer samfunnsbilda seg i forhold til John Dryzeks diskursar?](#)

Vidare skal eg drøfta samfunnsbilda opp mot miljødiskursane til John Dryzek, som er presentert i teorikapittelet. Diskursane er idealtypar, altså storleikar som ein sjeldan finn i praksis. Slik er det også med utdraga frå lærebøkene; dei passar sjeldan rett inn i ein diskurs. Når eg drøfter vidare vil eg derfor nytta dimensjonane som Dryzek plasserer diskursane i. Er det foreslått radikale eller moderate tankar, og er dei saksorienterte eller visjonære?

Eit tydeleg funn er at klimaproblematikk og berekraft får større plass i bøkene som er skrivne til LK20. I både *Arena 8* og *Samfunnsfag 8* er berekraft/berekraftig utvikling sentrale deler, som blir via mykje plass. Det verker som dette òg spelar inn på framstillinga av olje- og gassnæringa, kor det i større grad er gitt plass til ulike sider ved utvinninga. Samfunnsbildet blir dermed meir ope, noko som ligg til rette for kritisk tenking om fenomenet (Børhaug og Christophersen, 2017, s. 17). Bøkene som er skrivne etter LK06 er også mykje meir forsiktige i antydinga av samanhengen mellom klimagassar og temperaturauke. Der det i bøkene som er skrivne til LK20

står at «forbruk av kull, olje og gass har (...) gitt enorme CO₂-utslipp», og vidare at dette fører til klimaendringar (Bredal mfl., 2020, s. 236), er bøkene etter LK06 fulle av språklege demparar. I *Kosmos 8* les ein at «det nå ser ut til at mennesket selv er i ferd med å endre klima» (Nomedal, 2006, s. 78), og i *Matriks 8: Geografi* les ein at «mange tror» (Karlsen og Holgersen, 2006, s. 131) at menneske er skyld i global oppvarming. Når ein bruker ord som *klimakrise* (Bredal mfl., 2020, s. 109), set det føringar for kva som må komma seinare.

Poenget i førre avsnitt fører òg til forskjellar når eg samanliknar samfunnsbilda i lærebøkene med idealtypene til Dryzek. Dersom ein ikkje kan slå årsakssamanhengen heilt fast, blir det mindre grunn til å foreslå endringar, særleg av den radikale typen. Dette gjer at det er mindre krav til omstilling i bøkene skrivne til LK06. Dei negative klima- og miljøsidene ved norsk oljeutvinning er ikkje direkte problematisert i verken *Kosmos 8*, *Kosmos 10* eller *Matriks 8*. I dei nyare bøkene gjer i større grad dette. I *Samfunnsfag 8* er rett nok ikkje den norske oljeutvinninga direkte problematisert, men det blir slått fast at me må bruka mindre olje og gass i framtida (Bredal mfl., 2020, s. 237). *Arena 8* er den einaste boka som direkte problematiserer den norske oljeutvinninga, når dei skriv at vår utvinning av fossile ressursar får negative konsekvensar for klimaet (Hellerud mfl., 2020, s. 237). Sidan diskursane til Dryzek dreier seg om miljø, blir det òg meir stoff som lar seg samanlikna med disse i dei nye bøkene.

Den eine dimensjonen i Dryzek sitt diskursoppsett (sjå figur 1) er om diskursen er radikal eller reformativ/moderat (Dryzek, 2013, s. 14). Fokuserer bøkene på endring i makt og økonomi eller fokuserer bøkene på mindre endringar? Min analyse viser at svaret på det er relativt eintydig: dei fleste samfunnsbilda peiker mot ei mjuk, gjerne teknologisk, utvikling frå fossile ressursar mot ei meir økologisk berekraftig verd. I *Matriks 8: Samfunn* blir betre ordningar med gjenbruk og søppelsportering trekt fram som ei mogleg løysing på ikkje-berekraftig forbruk (Andersen mfl., 2006, s. 109). Dette er eit reformistisk tiltak, som ikkje krev stor omstilling i individet sin tankegang eller måten me organiserer samfunnet på. Liknande døme finn me i *Samfunnsfag 8*, kor viktigeita av nye teknologiar i møte med klimakrisa er framheva (Bredal mfl., 2020, s. 109).

I begge lærebøkene etter LK20 er riktig nok ei meir radikal omstilling presentert. Både *Samfunnsfag 8* og *Arena 8* set ein moderat og ein radikal måte å kutta bruken av olje og gass opp mot kvarandre. Førstnemnde bok seier at me enten kan skapa energi på meir miljøvennlege måtar, utan å vera konkret på korleis, eller gjennomgå ei samfunnsendring og kutta

straumforbruket vårt drastisk (Bredal, 2020, s. 220). *Arena 8* seier det same, men bruker orda *optimist* og *pessimist*. Optimistane meiner menneske vil klara å tilpassa seg gjennom nye teknologiar, mens pessimistane går inn for ein kraftig forbruksreduksjon (Hellerud, 2020, s. 212). Samanlikna med Dryzek sin første dimensjon, vi optimistane vera representantar for den moderate samfunnsendinga, mens pessimistane vil vera representantar for eit radikalt skifte. Skiljet mellom optimistar og pessimistar er anerkjent. Mellom anna har biolog og sjølvutnemnd pessimist, Dag Hessen, skrive om skiljet i *Verden på vippepunktet* (2020), kor han både åtvarar mot ei blind tru på teknologiske oppfinningar og ei rein svartmaling av framtida. Sjølv om lærebøkene presenterer både den radikale og den moderate vegen ut av olje- og gassavhengigheit er slagsida mot den moderate. Gjennom å skildra den moderate som «mest populær» i *Samfunnsfag 8* og det positivt lada «optimist» i *Arena 8*, verkar den moderate vegen meir logisk å gå. Bøkene problematiserer ikkje vidare korfor nokon meiner at ein moderat veg ut av høge CO₂-utslepp ikkje er nok for å redde verda frå «klimakrisa».

Den andre dimensjonen Dryzek teiknar opp er skilje mellom det prosaiske/saksorienterte og det visjonære. Den saksorienterte diskursen ønsker å gjera grep innanfor dei rammene som allereie finst, mens den visjonære i større grad er offensiv og nytenkande (Dryzek, 2012, s. 14-15). I lærebøkene - både dei etter LK20, men særleg dei etter LK06 - er det den sakorienterte framstillinga som dominerer. I verken *Kosmos 8* eller *10* finn eg spor av tankegang om eit nytt system som balanserer natur- og økonomiomsyn. Som nemnd tidlegare er skriv *Matriks 8: Samfunn* om at gjenvinning er ei mogleg løysing på forbruksproblemet (Andersen mfl., 2006, s. 109), noko som plasserer seg i den saksorienterte delen. òg i dei nye lærebøkene er den saksorienterte diskursen framheva. Bredal mfl. (2020, s. 109 s. 243) peiker på nye teknologiar for å løysa klimaproblemet me står overfor, og skriv vidare at miljøforkjemparar oppfordrar petroleumsindustrien til å gjera produksjonen meir miljøvennleg. Dette er formuleringar som støttar omstilling innanfor allereie eksisterande rammer.

Samstundes finn ein visjonære tankar i bøkene etter LK20. I *Arena 8* står det om berekraft, og at me er avhengig av samspel mellom menneska og naturen (Bredal mfl., 2020, s. 220). Dette peiker mot ein visjonær framtidstanke. I *Arena 8* blir det slått fast at samfunnet treng menneske som gjer berekraftige val, og den norske olja blir presentert som eit døme at berekraftig utvikling fører med seg vanskelege avgjerder (Hellerud mfl., 2020, s. 75. Også dette peiker meir mot visjonære

endringar. At menneske må begynna å gjera berekraftige val fordrar ei endring i bevisstheita til menneske, og kan minna om retninga økosofisme som Arne Næss er ein frontfigur for. Boka set også berekraftig utvikling sentralt, utan å verkeleg kommentera kva konsekvensar det vil få for olje- og gassnæringa. Dette er i tråd med det Dryzek kommenterer om berekraftig utvikling: «sustainable development refers not to any accomplishment, still less to a precise set of structures (...). Rather, it is a discourse» (2013, s. 147). Trass populariteten til omgrepet, er det liten semje om kva som faktisk ligg i den praktiske tydinga av ordet (Dryzek, 2013, s. 145).

Når eg kombinerer dei to ovannemnde dimensjonane, kjem det fram problemløysingsdiskursen er den generelt leiande diskursen i lærebøkene etter LK06, samstundes som berekraftsdiskursen kjem meir fram i bøkene etter LK20. Særleg i bøkene etter LK06 er diskursen moderat og saksorientert. Klimaproblema er framstilt som eit problem me må, og kjem til, å løysa. I dei to nyare bøkene er diskursen framleis hovudsakleg moderat, men med både sakorienterte og visjonære preg. Det vil altså seia at berekraftdiskursen i større grad gjer seg gjeldande i bøkene etter LK20. På ein måte kan ein seia at denne utviklinga er naturleg, all den tid berekraftig utvikling er blitt eit tverrfagleg emne og kjerneelement i den nye læreplanen. Nå skal elevane læra om samanhengen mellom dei sosiale, økonomiske og miljømessige forholda ved berekraft og korleis menneske påverkar klima og miljø (Utdanningsdirektoratet, 2020, s. 4). Men på den andre sida var berekraftig utvikling også sentralt i LK06, mellom anna gjennom formuleringar som at samfunnsfaget skal «stimulere til auka medvit omkring samanhengar mellom produksjon og forbruk, og konsekvensar som ressursbruk og livsutfalding kan ha på natur, klima og ei berekraftig utvikling» (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 2). Samstundes vier lærebøkene etter LK20 mykje meir plass til berekraft i det heile, noko som viser også gir rom for fleire synspunkt og diskursar.

Det finst vitenskapsteoretiske utfordringar med å gjennomføra ein diskursanalyse. Sjølv om eg bruker «dei gamle» og «dei nye» bøkene, betyr ikkje det at funna mine er generaliserbare til andre bøker i same generasjon. Bøkene er som nemnd skrivne av ulike forfattarar og forlag, og eg har berre undersøkt eit utval av tilgjengelege bøker. Det vil seia at andre bøker kan framstilla den norske olje- og gassnæringa på andre måtar. Alle formar for kvalitativ forskning inneber ei form for usikkerheit (Bratberg, 2018, s. 60). Det er viktig å få fram at funna i oppgåva baserer seg på

mi fortolking av empirien. Samstundes har eg forsøkt å styrka oppgåva si pålitelegheit gjennom å mellom anna visa til konkrete sitat og sidetal.

Konklusjon

Eg har i denne oppgåva undersøkt fem lærebøker i samfunnsfag, tre av dei skrivne etter LK06 og to av dei skrivne etter LK20. Problemstillinga har vore: «kva samfunnsbilde av olje- og gassnæringa i Noreg presenterer eit utval lærebøker frå 2006 og 2020, og i kva grad kan ein plassera disse i forhold til miljødiskursane til John Dryzek?». I analysen har eg først sett på kva samfunnsbilde av olje- og gassnæring i Noreg som kjem fram i bøkene, før eg har sett disse opp mot diskursane til John Dryzek.

Når det kjem til samfunnsbilde av olje- og gassnæringa fann eg at alle bøkene presenterer både positive og negative sider, men at denne dualiteten kjem tydelegast fram og blir i størst grad problematisert i *Samfunnsfag 8* og *Arena 8*. Det er tydeleg at forfattarane av bøkene skrivne til LK06 er meir forsiktige med å slå fast samanhengen mellom klimagassutslepp og klimaendringar. Samstundes er det forskjell innan kvar «generasjon»; bøkene er trass alt skrivne av ulike forfattarar. Det er særleg i *Kosmos 10* og *Matriks 8* at dei negative miljøkonsekvensane får proporsjonalt lita merksemd. På same måte er det berre *Arena 8* som direkte får fram at den norske olje- og gass har biverknadar for naturen, mens *Samfunnsfag 8* skriv om olje- og gass i eit meir globalt perspektiv.

Dette fører òg til skilnadar mellom bøkene når ein ser samfunnsbildra opp mot miljødiskursane til John Dryzek. Som nemnd er det via meir plass til berekraft og miljøproblematikk i bøkene etter LK20, som opnar for fleire måtar å presentera miljøutfordringar knyta til norsk olje- og gass. I dei eldre bøkene er det hovudsakleg problemløysingsdiskursen, det som er saksorientert og moderat, som får mest plass. Dei nyare bøkene gir større rom for fleire diskursar, men har ei overvekt av problemløysing- og berekraftsdiskurs. Eit funn i oppgåva er altså at bøkene skrivne til LK20 opnar for meir visjonære løysingar. Når *Arena 8* og *Samfunnsfag 8* gir plass til fleire framstillingar, legg dei samstundes til rette for kritisk tenking om fenomenet.

I framtida kjem det til å bli interessant å sjå om andre diskursar vil få ei meir dominerande rolle. Det er særleg dei radikale, grenser for vekst- og grøn radikalisme-diskursen, som har ei mindre rolle i bøkene eg har undersøkt. Kanskje vil framtida krevja stadig meir radikale løysingar?

Litteratur:

- Andersen, G., Olsen, T., Nicolaysen, H. og Skurdal, M. (2006) *Samfunn: samfunnsfag for ungdomstrinnet*. Aschehoug.
- Benjaminsen, T. A. og Svarstad, H. (2019) *Politisk økologi: miljø, mennesker og makt* (2. utg). Universitetsforlaget.
- Benum, E. (2020, 3. november) *Forurensning og naturvern*. Henta 03.05.2021 frå: <https://www.norgeshistorie.no/oljealder-og-overflod/1902-forurensning-og-naturvern.html>
- Bredal, L., Dehle, E., Hammer, S., Hansen, R. G., Karlsen, S. K., Krogsrud, V.K., Mokhtari, A., Mæhlumshagen, E., Samuelsen, M. og Stenvik, B. (2020) *Samfunnsfag 8*. Cappelen Damm.
- Bratberg, Ø. (2018) *Tekstanalyse for samfunnsvitere* (2. utg). Cappelen Damm Akademisk.
- Børhaug, K. og Christophersen, J. (2012) *Autoriserte samfunnsilder: kritisk tenking i samfunnskunnskap*. Fagbokforlaget.
- Dryzek, J. (2013) *The politics of the Earth: Environmental Discourses* (3. utg). Oxford University Press
- Hellerud, S. V. og Moen, S. (2006) *Historie: samfunnsfag for ungdomstrinnet*. Aschehoug.
- Hellerud, S. V., Erdal, S. F., Johnsen, I. M., Westersjø, M., Hove, O. (2020) *Arena 8: samfunnsfag*. Aschehoug.
- Hermstad, A. (2013) Teknologioptimismens svakheter. *Arilds blogg*. Henta 12.05.2021 frå: <https://www.framtiden.no/201311076288/blogg/arilds-blogg/teknologioptimismens-svakheter.html>
- Hessen, D. (2020) *Verden på vippepunktet*. Res Publica.
- Johannesen, A., Tufte, P. A. og Christophersen, L. (2016) *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Abstrakt Forlag.
- Karlsen, O. G. og Holgersen, T. (2006) *Geografi: samfunnsfag for ungdomstrinnet*. Aschehoug.
- Lie, E. (2020, 3. november) *Oljen i norsk økonomi*. Henta 03.05.2021 frå: <https://www.norgeshistorie.no/oljealder-og-overflod/1909-oljen-i-norsk-okonomi.html>

- Naturvernforbundet (2019, 10. desember) *Myter om norsk olje og gass*. Henta 03.05.2021 frå: <https://naturvernforbundet.no/klimasoksmal-mot-staten/myter-om-norsk-olje-og-gass-article39818-4209.html>
- Nomedal, J. H. (2006) *Kosmos 8: samfunnsfag for ungdomstrinnet*. Fagbokforlaget.
- Nomedal, J. H. og Bråthen, S. (2008) *Kosmos 10: samfunnsfag for ungdomstrinnet*. Fagbokforlaget.
- Norsk olje & gass (2021) *Fakta om norsk olje og gass*. Henta 03.05.2021 frå: <https://www.norskoljeoggass.no/contentassets/d6bbd21566584b3fa8c38d62f6011b90/fakta-om-norsk-olje-og-gass-flyer-jan-2021.pdf>
- Sagdahl, M. S. (2019, 4. februar). Økosofi. I *Store norske leksikon*. Henta frå 09.04.2021: <https://snl.no/%C3%B8kosofi>
- Smith-Solbakken, M. (2020, 2. mai) Norsk oljehistorie. I *Store norske leksikon*. Henta 03.05.2021 frå: https://snl.no/Norsk_oljehistorie
- Tjora, A. (2018) *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Gyldendal Norsk Forlag.
- Utdanningsdirektoratet (2013) *Læreplan i samfunnsfag* (SAF1-03). Henta 12.05.2021 frå: <http://data.udir.no/kl06/SAF1-03.pdf>
- Utdanningsdirektoratet (2020) *Læreplan i samfunnsfag* (SAF01-04). Henta 09.04.2021 frå: <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-1k20/SAF01-04.pdf?lang=nno>
- Verdenskommisjonen for miljø og utvikling (1987) *Vår Felles Framtid*. Tiden Norsk Forlag. Henta 08.04.2021 frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007080601018?page=3

